



Velkommen til
Walter P. Chrysler Club Of Norway



Tor Gylderud - 1957 Plymouth Belvedere

WPC Club of Norway

WPC Club of Norway er ein landsdekkande merkebilklubb for entusiaster av Chrysler-konsernets biler. Ein snakker gjerne om "dei tre store" frå USA, og da meiner ein Chrysler, Ford og GM som bilprodusenter. For Chrysler sin del innebærer dette merkene Plymouth, DeSoto, Dodge, Chrysler og Imperial. Populært kaller ein gjerne desse med eit felles økenamn, Mopar, som er forkortinga for (Chrysler) Motor Parts. I tillegg har både Fargo og Jeep relasjonar til Chrysler gjennom eigerskap.



TREFF Klubben har tradisjonelt halde tre store landsdekkande treff; sommartreff, hausttreff og på seinvinteren eit vintertreff i samband med årsmøte. I tråd med aukande medlemsmasse i klubben har det også blitt aktuelt med tematreff og klubben arrangerer no også eit dagstreff for muskelbilepoken 1964-1975 og eit for dei med høgreste halefinner frå 50-talet og fram til 1961. I tillegg held klubben eit julebord der ein vektlegg det sosiale og ikkje oppmoder nokon til å ta med hobbybilen midtvinters.



Christian Stokke - 1934 Strømmen Dodge



WPC Club of Norway vart stifta i 1976 og feirer dermed i år sitt 30 års jubileum. Klubben er eit tilbod til alle som eig eller har spesiell interesse for Chrysler-konsernets biler. Klubben har som målsetjing å dekke alle sider av bilhobbyen og satser på ein aktiv medlemsmasse som slutter opp om klubbens arrangement. Enten du er mest opptatt av originalrestaurerte biler, muskelbiler, offroad-biler, ombygde biler eller vanlege bruks- eller yrkesbiler er du hjarteleg velkomen som medlem her.

Klubben vert drive av eit styre som velges på årsmøtet. Dei tillitsvalte utfører dette arbeidet på frivillig uløna grunnlag. Klubben er også tilslutta Landsforbundet for Motorhistoriske Kjøretøyer (LMK) og har samarbeidsavtale med AMCAR.

Av bilmerkene klubben dekker er det berre Chrysler, Dodge og Jeep som framleis er i produksjon. DeSoto gjekk inn i 1961, luksusbilen Imperial i 1975 og Plymouth stengte dørene tidleg på 2000-talet. 30-års regelen med gunstige veteranimportregler har gjeve mange nordmenn høve til å importere sin draumebil, og dei seinere åra har dette særleg monna klubben i det dei svært populære Mopar muskelbilene har passert denne aldersgrensa. Dei siste fem åra har medlemstalet auka med over 25% og det finnes no over 600 norske WPC-medlemmer. Klubbens rabattavtaler, mellom anna med den største merkeforhandleren i Oslo, gjev også eit godt tilbod til mannen i gata med Stratus, Voyager eller Dodge Ram. Her sparer ein fort inn medlemskontingenten på ein hovedservice til daglegbilen.



REGIONER For tida har klubben fire aktive regioner som dekker Oslo/Akershus/Østfold, Buskerud/Vestfold/Telemark, Innlandet og Nord-Norge (Arctic MoPar). I tillegg har Bergensområdet, Agder og Midt-Norge oppnevnte kontaktpersonar som representerer klubben overfor lokalmedlemmer der. Regionene held cruisinger og medlemsmøter utover dei landsdekkande aktivitetene og gjer dermed medlema gode sjansar til å møtes og omgås likesinna i nærområdet.



Jan Helge Borgard - 1968 Plymouth Satellite



KLUBBLAD OG INTERNETT Medlemsbladet MoPar News vert gjeve ut med fire til fem nummer årleg, og presenterer eit variert innhald med treffreportasjer, medlemsportrett samt gratis kjøp- og salsannonser for medlemmer. Utover dette finn ein fyldige biletegalleri på klubbens internettsider, mest frå egne treff, men også mange fine Moparbiler sett på andre treff. Her finn ein også treffkalender, klubbekvisita for sal, rabattavtaler og eit diskusjonsforum. Og sjølvsagt kontaktopplysningar og innmeldingsskjema. Besøk gjerne <http://wpc.lmk.no> for meir informasjon eller for å skrive ei helsing i gjesteboka der.

FORSIKRINGSORDNING Tilsluttinga til LMK gjev medlema høve til å veteranforsikre sine køyrety i Tennant Forsikring. Forsikringa forutset at bilen er i god original stand og at den kun vert nytta til hobbykjøring. For å teikne denne spesialforsikringa må du ha vore medlem i WPC Club of Norway eller ein annan LMK-tilslutta klubb i minst eitt år og dokumentere at du eig ein "bruksbil" ved sida av, men forsikringa er prisgunstig og gjev ei god dekning. Klubben har oppnevnt besiktningsmenn for forsikring i dei ulike regionene.

MOTORMUSÈET I STRØMMEN, AKERSHUS WPC Club of Norway er deleigar i stiftinga Strømmen Motormusèum ved gamle Strømmen Mekaniske Verksted, like nord for Oslo. Det var for øvrig her den såkalla Strømmen Dodge vart montert før andre verdskrig. Klubben gjes dermed høve til også å stille ut biler på dette musèet. Klubben er svært interessert i å delta her og alle medlemmer er velkomne til å ta kontakt for eventuelt å stille ut eigen bil, alle årganger og typer er interessante her. Det er mange menneske innom musèet og utstillinga er alltid god reklame for klubben.



Kontakt gjerne WPC Club of Norway:

e-post: wpc@lmk.no
post: WPC Club of Norway
v/ Håkon Lunde Strøm - Lurdalen - 3614 KONGSBERG
web: <http://wpc.lmk.no>



Svein-Erik Mortensen
-1967 Dodge Coronet R/T convertible



Info om klubben

Klubb: WPC Club of Norway
Sted: Norge
Fylke: Alle
Etablert: 1976
Antall medl.: 600

Hjemmeside: <http://wpc.lmk.no>
Mail: wpc@lmk.no

Adresse: Lurdalen - 3614 KONGSBERG
v/ Håkon Lunde Strøm




Kjell Trellevik - 1975 Chrysler New Yorker



Jane Quist Hansrud - 1957 Chrysler New Yorker



Bli
Kjent
Med



<http://wpc.lmk.no>